

Årsmelding for 2012 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring

OPPGÅVER OG AKTIVITETAR

Læringscenteret Gol vaksenopplæring har i 2012 gitt opplæring på 4 område samt at det er samarbeid med NAV om innhaldet i introduksjonsprogram for innvandrarak.

1. Grunnskuleopplæring for vaksne - Oppl. lova § 4A-1

Læringscenteret Gol vaksenopplæring gir grunnskuleopplæring for vaksne til dei som melder behov for slik opplæring. Det er inngått avtale om eit formalisert samarbeid med alle dei andre Hallingdals-kommunane om eit standardisert løp på 2 år som fører fram til avslutta grunnskule. Alle kommunane er likestilte partnarar i dette samarbeidet og deler kostnadene. Dei eksisterande avtalene vil bli vidareført.

Ved utgangen av 2012 var det 12 deltakarar i grunnskule for vaksne – delt på 2 grupper. Timeforbruket ved utgangen av 2012 var 73,66 t/u = 3,46 lærarstillingar.

2. Spesialundervisning - Oppl. lova § 4A-2.

Læringscenteret Gol vaksenopplæring gir tilbod om spesialundervisning for vaksne individuelt eller i gruppe, i samsvar med individuell opplæringsplan for den einskilde. Vedtak om slik opplæring fattast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

Denne undervisninga vil i 2013 bli justert til å gjelde både tilpassa opplæring og/eller opplæring i grunnleggjande ferdigheter etter Oppl. lova § 4A-1 samt spesialundervisning etter Oppl. lova § 4A-2.

Læringscenteret Gol vaksenopplæring administrerer logopedi og afasibehandling for vaksne og gjer avtale med HELFO om refusjon av utgiftene til behandling. Andre kommunar kan etter avtale kjøpe tenester på dette området av Læringscenteret Gol Vaksenopplæring.

Ved utgangen av 2012 var det 14 deltakarar i spesialundervisning – delt på smågrupper eller eineundervisning. Tilbodet ligger på 2-4 t/u for alle elevane = til saman 1 lærarstilling.

3. Norsk med samfunnskunnskap - Lov om Norsk- opplæring for nyankomne innvandrarak

Læringscenteret Gol vaksenopplæring gir tilbod om norsk med samfunnskunnskap for alle innvandrarak. Tilbodet gjeld busette flyktningar, familiegjenforeinte innvandrarak og arbeidsinnvandrarak. Tilbodet tar sikte på at deltakarane kan gå opp til og bestå Norskprøven på rett nivå.

Alle innvandrarak i dei nedre Hallingdals-kommunane får si opplæring på Læringscenteret Gol Vaksenopplæring. Det er inngått avtale om eit formalisert samarbeid med kommunane Flå, Nes og Hemsedal om denne opplæringa. Læringscenteret søker om og mottar tilskot for alle dei 4 kommunane. Læringscenteret tilpassar undervisninga etter tilskotsmidlane. Den eksisterande avtalen vil bli vidareført.

Ein del av innvandrarakane må betale for opplæringa, mellom anna alle arbeidsinnvandrarak frå Schengen-området. Læringscenteret Gol vaksenopplæring gir og tilbod om nettbasert opplæring for deltakarar på høgare nivå.

Ved utgangen av 2012 var det 80 deltakarar i norsk med samfunnskunnskap – delt på 7 ordinære grupper og nettgruppa. Timeforbruket var 124 t/u = 5,85 lærarstillingar.

4. Norsk med samfunnskunnskap - for asylsøklarar

Asylsøklarar i mottak har og rett til norskopplæring – inntil 250 timar. Det er inngått avtale om formalisert samarbeid mellom Læringscenteret Gol Vaksenopplæring og kommunane Nes og

Hemsedal om å tilby norskopplæring til bebuarane i deira mottak. Læringscenteret søker om og mottar tilskota til denne opplæringa.

Ved utgangen av 2012 var det 36 deltakarar på asylsøkjeropplæring. Timeforbruket var 51 t/u = 2,4 lærarstillingar.

5. Introduksjonsprogram for innvandrarar - Lov om introduksjonsordning

Alle busette flyktningar deltar på Introduksjonsprogram. Dei skal ved avslutninga av programmet ha nådd mål om norskopplæring. Elles skal dei vera i løna arbeid eller i kvalifiseringstiltak i regi av NAV-arbeid, eller ha byrja på vidare skulegang. Norskopplæringa er sjølvstøtt den viktigaste delen av introduksjonsprogrammet, men Læringscenteret samarbeider og med NAV om å skaffe språkpraksisplassar og om andre aktivitetar utanom norskopplæringa.

Det er tilsett ein koordinator i 60% stilling til dette formålet. Alle deltakarar på program mottar introduksjonsstønad, og dette blir dekt av integreringstilskotet.

6. Oppsummering oppgåver og aktivitetar

Elevtalet endrar seg gjennom året, spesielt i norskopplæringa. Fleire elevar har slutta i løpet av året. Nokon fordi dei har oppfylt plikta si på 300 timar, nokon fordi dei går opp til og består norskprøve og andre fordi dei har flytta. Dersom nye søkjarar kjem til i løpet av eit semester, kartlegger vi dei, og dersom det høver, tar vi dei inn i eksisterande grupper. Grupper går og i oppløysing av dei same årsakene, og det er normalt at 1 eller 2 grupper opprettast ved årsskiftet.

Spesielt elevtalet i asylsøkjargruppene kan endre seg fort. Dei bur i mottak, og når dei får opphaldsløyve og seinare busettingskommune, flyttar dei. Utsiftinga i mottaka er kontinuerlig. Levetida til ei asylsøkjargruppe er normalt eit år, men dersom elevtalet er lågt, kan ho gå i oppløysing.

Læringscenteret har og ein administrativ ressurs på 180% som er fordelt med 100% på rektor og 80% på inspektør. Talet stillingsheimlar totalt er 15,1. Av dette låg forbruket ved årsskiftet på 14,74. Det ligg ikkje an til mykje auke i 2013. Behovet er vurdert til å ligge på ca. 14,9.

Kommentar:

Staten setter krav til at kommunane må ha eit tilbod om ei [introduksjonsordning for innvandrarar](#). Utgiftene blir finansiert budsjettmessig av flyktningetilskotet. Tala som gjeld løn for vaksenopplæringa er difor inklusiv løn til introduksjonsprogrammet med nettokostnad på kr. 2,305 mill. (jfr. førebels rekneskap - teneste-område 2751 – introduksjonsstønad). Differansen til Gol Vos nettoutgifter på 2,970 mill. er kr. 665.000, og det er den reelle nettokostnaden på vår undervisning, dvs. Gol kommunes del av grunnskoleopplæring for vaksne og spesialundervisning. Norskopplæringa finansierast av tilskot (for 2012: ca. 8,4 mill.), og av desse tilskota kan ca. kr. 650.000 setjast på fond.

Kommentar:

Auken frå 2009 til 2010 skuldast at asylsøkjarpplæringa ble starta opp. Auken frå 2010 til 2011 skuldast utviding til 2 grunnskolegrupper. Ny lønsavtale i 2012 for undervisningspersonale førte til auka lønskostnader i 2012. Med tilskota til norskopplæring og kostnadsdelinga på grunnskoleopplæringa har dette ikkje ført til noko særskilt auke i Læringscenterets nettokostnader.

MÅL OG MÅLOPPNÅING 2012

Kalenderåret 2012 har vært eit mellom-år for Læringscenteret Gol vaksenopplæring. Tidligere rektor måtte tre inn i vervet som ordførar, og inspektør tok mellombels på seg oppgåva som rektor, utan anna auke i administrativ ressurs. Ny rektor begynte i stillinga 1.august. Dei oppgåvene for 2012 som blei nemnde i årsmeldinga for 2011 har delvis blitt fylgd opp:

- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid om norskopplæring og introduksjons-program for flyktningar.
- Vidareutvikle det formaliserte samarbeidet mellom Læringscenteret Gol vaksen-opplæring og Folkeuniversitetet Hallingdal.
- Hallingmoprojektet – forprosjektering av nye lokale for vaksenpedagogisk senter.

Det interkommunale samarbeidet om grunnskoleopplæring har blitt fylgd opp ved at kommunane er samde om at det utarbeidast ein ny avtale for grunnskoleopplæringa som skal erstatte alle tidlige avtalar. Den nye avtalen vil sikre automatisk oppstart av ny grunnskolegruppe hvert år.

Samarbeidet med Folkeuniversitetet Hallingdal har blitt fylgd opp ved at vi no er samde om å utarbeide ein felles kursannonse kor det er samsvar mellom beskrivingane av norsk kursa og nivåa på kursa.

Hallingmoprojektet går sin gang i arbeidet som gjerast av dei kommunalt oppnemnde arbeidsgruppene. Forprosjektering av nye lokale for vaksenpedagogisk senter er ikkje starta. Ein ser det ikkje som naturleg å starte med det riktig enno. Det er mogleg at våren 2014 er eit gunstigare tidspunkt.

MÅL OG TILTAK 2013

Teneste/aktivitet

- Ny avtale for grunnskoleopplæring for vaksne. Ny avtale skal skrivast. Målet med den nye avtalen vil vere å sikre økonomi til at ein automatisk kan starte ny gruppe kvar haust. Avtalen skal og vere slik at den automatisk fornyast inntil ein av partane seier han opp.
- Det er et behov for å sikre kunnskapene i både norsk og fag hos nokre av dei som søker om grunnskule. Dei er så låge hos enkelte at dei har problem med å fullføre grunnskoleløpet. Vi må for enkelte tilby eit tredje år, som i praksis vil vere eit fyrste-år kor dei får meir norskkopplæring og noko for-kunnskap i fag. Ungdomsskulane i Hallingdal har same behovet når dei får inn utanlandske elevar utan norskkunnskaper. Læringscenteret søker difor om prosjektmiddel til å starte ei ungdomsgruppe som kan gi alle desse ungdommane tilstrekkelig kunnskap til å gå inn i ordinær undervisning. Alle kommunane er samde om dette prosjektet, og dersom det lukkast, vil vi prøve å etablere dette som eit interkommunalt tilbod på lik line med grunnskoleopplæringa. Eit slikt tilbod vil for Gol kommune kunne føre til ein netto-kostnad på ein stad mellom 100.000 og 150.000. Men det vil ikkje føre til nokre kostnader i 2013. Det må eventuelt innarbeidast i budsjettet for 2014.
- Tenesteområdet spesialundervisning vil bli betre avklara. Noko av undervisninga treng ikkje vere spesialundervisning etter §4A-2, men kan vere tilpasse opplæring eller opplæring i grunnleggjande ferdigheiter etter § 4A-1. Dette inneberer ingen kostnadsauke. Det må drivast eit informasjonsarbeid i forhold til dei samarbeidande kommunane om rutine rundt behandling av søknader m.m.

Organisering av undervisninga

- Undervisningstida etter lunsjpausen.
Denne tida har fram til no blitt kalla studietid. Personalet har blitt samde om at kvaliteten på studietida må bli betre. Den må gis eit betre faglig innhald som vil opplevast som meir utbytterikt for elevane. Arbeidet med å utvikle dette er i gang, og vi vil prøve ut ulike aktivitetar og modeller. Dette vil bli fylgd opp og vidareutvikla både i 2013 og 2014. Det inneberer ingen kostnadsauke, berre ei anna organisering.

Kompetanse

- Vurdering for læring.
Dette er eit satsingsområde for heile Buskerud. Grunnskolane og alle voksen-opplæringar i Buskerud er med. Dette handlar om å utvikle bruken av vurdering som ein betre reiskap for oppnå læring. Målet er å få til ein permanent praksisendring til det betre, og det vil vere eit utviklingsarbeid som vil gå i minst 2 år framover. Utdanningsdirektoratet står i spissen for satsinga og har løyvd pengar til formålet. Satsinga inneberer ingen kostnadsauke, men ein auke i kompetansen.
- Læringscenteret har og starta eit utviklingsarbeid som går på å utvikle ein betre felles praksis for vurdering av kandidatar som ynskjer å ta Norskprøven. Målet er å utvikle ein betre kartleggingsreiskap og en betre felles forståing av dei måla vi vurderer etter.